



Kriteria for søknad om parkeringsløyve for rørslehemma, HC-parkering

Parkeringsløyvet sitt formål og formelle krav.

Utarbeida: 12.11.2024

Hensikt

Parkeringsløyvet er meint å vera eit hjelpemiddel for personar , som grunna ei **vesentleg nedsett** flyttingsevna, har eit **særskild behov** for parkeringslette på eit eller fleire **konkrete stadar**. For at eit parkeringsløyve skal bli gitt, er det ikkje tilstrekkeleg å visa til ein sjukdomstilstand som avgrensar flyttingsevna. Det er i tillegg krav om at det ordinære parkeringstilbodet ikkje er tilstrekkeleg for å kunne dekkja søkjarens sine behov.

Forskrift om parkeringstillatelse for forflytningshemmede: «Formålet med denne forskriften er å gi forflytningshemmede med et reelt behov for parkeringslette et tilgjengelig parkeringstilbud»

Vilkåra i forskrifta for å få innvilga søknad er da ikkje automatisk oppfylt ved at det føreligg ei rørslehemming. Det må også førekomma eit reelt behov for parkeringslette. Løyvet vert innvilga etter vurdering av søknad vedlagt legeerklæring, bilete av søkjar og eventuelle tilleggskjema. Førar som søkjer må også dokumentera gyldig førarkort.

Søknad

I sjølve søknaden skal søkjar komma med opplysningar som grunnleggjend at det føreligg eit særskild behov for parkeringslette. Det vil seie at søkjar må skildra kvifor det ordinære parkeringstilbodet, dei stadane som ein besøker ofte, ikkje kan nyttast. I søknadskjemaet vert er det krav om at søkjar skal gje oss svar og grunngevingar på følgjande aspekt:

- Korleis adresse det er problem med å parkera og kor ofte ein er der.
- Kvifor det er vanskeleg å parkera der?
- Kvifor kan ein ikkje nytte dei ordinære parkeringsplassane?

Behova ein oppgir å ha, skal dokumenterast med t.d. stadfesting eller uttale frå behandlar, timekort osv. Denne type dokumentasjon kan også visa hyppigheita av behovet.

Det skal leggjast ved legeerklæring til søknaden. Dette fyller lege ut med opplysningar om medisinsk situasjon, diagnose, prognose, samt kor mange meter søkjar kan gå med og utan hjelpemiddel. Lege skal og opplyse om korleis type hjelpemiddel søkjar nyttar og i korleis utstrekking. Legeerklæringa dannar det medisinske grunnlaget for vurderinga.

For å sikra at det kun er søkjarar som har eit reelt behov som vert tildelt parkeringsløyvet, vil ein kunne be om dokumentasjon som opplyser om hyppigheit i forbindelse med helserelaterte eller andre tungtvegande behov.

Eit viktig vurderingskriterium vil alltid vera om søkjar har eller kan finna alternative løysingar på sin parkeringsproblematikk.

Parkeringsløyvet er ikkje meint som ei økonomisk støtteordning.

Kven får tildelt parkeringsløyvet?

Søkjjar som etter ei samla vurdering vert innvilga parkeringsløyvet har ofte rullestolheis/rampe i bilen, og/eller er avhengig av parkeringsløyvet heime eller på jobb, og/eller er veldig hyppig til behandling på stadar der vedkommande ikkje kan nytta det ordinære parkeringstilbodet.

Tildeling av parkeringsløyvet er, og vil vera, prega av at den enkelte saka vert avgjort ved bruka av skjønn. Tildeling skjer etter ei totalvurdering av søkjar sin livssituasjon. Berre søkjar som blir vurdert til å stette forskrifta sine krav om å ha eit reelt behov for parkeringslette, og har redusert gangdistanse som tilseie at dei ikkje kan nytta dei ordinære parkeringsplassane, får innvilga sin søknad.

Kven får ikkje tildelt parkeringsløyvet?

Parkeringsløyvet vert ikkje tildelt søkjarar som berre enkelte gonger har behov for parkeringslette, dei som primært har behov i samanheng med handling og sosiale aktivitetar, dei som i hovudsak kan nytta ordinære parkeringsplassar eller dei som har andre alternative løysingar enn HC-kort. Parkeringsløyve blir sjeldan tildelt søkar som er passasjer da dei ofte har moglegheit til å nytte reglane for av og på stigning.

Problem med å bæra høyrer ikkje til dei omstenda som i seg sjølv vil gje parkeringsløyve, men kan vera med i vurderinga. Dette bør i hovudsak kunne løysast ved moglegheit for av og på lessing og eigna hjelpemiddel for transport av t.d. varer etter handling.

Er det tilstrekkeleg at legen anbefaler tildeling?

Legeerklæring bidreg med informasjon om flytteevna, behov for hjelpemiddel, behov for tilsyn m.m. Kommunen vektlegg legen si utale om flytteevna i si vidare vurdering av søknaden.

Forskrifta set som vilkår at søkjar, i tillegg til nedsett gangevne (medisinsk grunngjeve og dokumentert ved legeerklæring), også må visa til eit særleg behov for parkeringslette. Søkjar må sjølv dokumentera at det faktisk føreligg eit særleg behov for parkeringslette – informasjon om konkret parkeringsproblematikk. Dette gjer søkjar ved å oppgje konkrete opplysningar om stadar der ein opplever parkering som problematisk i tillegg til opplysningar om hyppigheit og formål med besøka.

Årsak til at det er kommunen si oppgåve å vurdera behovet for parkeringslette og ikkje legen si, er at det skal takast ei mest mogleg nøytral vurdering av behovet for parkeringslette. Kommunen skal med sin lokalkunnskap vurdera parkeringssituasjonen på stadar søkjar har oppgjeve og ha vanskar med å parkera.

Det er tenestetorget, i samråd med tildelingskontoret, i Årdal kommune som behandlar søknadar om parkeringsløyve for søkjarar som bur i Årdal kommune.

Kommunen overprøve ikkje legen si erklæring på nedsett flytteevne, men må utføra ei heilskapleg vurdering, der flytteevna vert sett opp mot oppgitte behov for å avgjera om søkjar her eit særleg behov. Nokon gonger vil kommunen ha behov for å henta inn supplerande medisinsk vurdering.

Kva betyr «særleg behov»?

Ved vurdering av særlege behov for parkeringslette har vegdirektoratet i sine retningslinjer uttalt at det skal sjåast på følgjande:

- Dei konkrete plassane søkjar må oppsøka
- Om dei ordinære plassane ikkje kan nyttast av søkjar
- Kor hyppig søkjar har det uttalte behovet
- Om problemet kan løysast på anna måte

Det skal spesielt vektleggast dersom søkjar har parkeringsproblem ved bustad, arbeid/skule og nødvendige aktivitetar, som medisinsk behandling og oppfølging.

Vurderinga av særlege behov for parkeringslette, skal gjerast i forhold til dei plassane der vedkommande normalt parkera. Det vil seie *faktiske, reelle behov og ikkje tenkte behov*.

Forskrifta legg opp til ei skjønnsvurdering med tanke på kva ein ser på som eit «særleg behov» for parkeringslette. Skjønnsvurderinga ligg innanfor dei rammene forskrifta set.

Rørslehemma passasjer?

Det skal mykje til før det blir gitt løyve til ein passasjer, sjølv om vilkåra i forskrifta verkar som like for førar og passasjer. Dette da passasjeren sine behov i stor grad kan ivaretakast gjennom av og på stigning og at førar så parkera bilen på ordinær plass. Der det er nødvendig kan passasjeren bli følgt heilt inn til reisemålet (t.d. inn på venterom) før sjåføren går ut og flyttar bilen.

Å nytta løysing med av og på stigning kan verka tungvint for familie og faste omsorgspersonar til den rørslehemma. Det kan verka som ei ekstra belastning i dei tilfella ein må flytta motorvogna når det er ein ledig plass for rørslehemma. Likevel vil rørslehemma førar ofte kunne vera i ein vanskelegare situasjon, og vil kanskje ikkje få utført sine gjeremål dersom dei reserverte plassane er opptekne av motorvogner med funksjonsfrisk førar.

Løyve til søkjar som er passasjer vert tildelt i dei tilfella der ein ser det vanskeleg at vedkommande er utan tilsyn, sjølv for kortare tid, t.d. sterkt psykisk utviklingshemma born, born i ein viss alder og andre som ikkje kan ta vare på seg sjølv.